



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

FINANSDEPARTEMENTET	
19. MAI 2003,	
Saksnr.	02 12515-22
Arkivnr.	

Dykkar ref.
02/2515 FM AaN/GHL

Vår ref.
2003/1637 U-A HAA/ero

Dato
16.05.2003

Høyring – rapport om regulering av provisjonane til dei internasjonale kortselskapa

Vi viser til Finansdepartementets brev 24. februar 2003.

Justisdepartementet støttar ikkje forslaget om å innføre eit tak for den provisjonen dei internasjonale kortselskapa kan krevje av brukarstadane. Spørsmålet om å innføre ein maksimalsats må sjåast i samanheng med dei konkurransemessige forholda på området, i første rekke spørsmålet om i kva grad kortselskapa har høve til å operere med såkalla ikkje-diskrimineringsklausular i sine kontraktar med brukarstadane. Konkurransetilsynet har gitt Visa Norge, Europay Norge og Diners Club Norge dispensasjon frå forbodsreglane i konkurranselova i påvente av ESAs handsaming av tilsvarende spørsmål. Etter Justisdepartementet sitt syn bør ein ikkje vurdere å innføre prisregulering før dei konkurransemessige forholda er avklart.

Justisdepartementet kan langt på veg slutte seg til fleire av dei synspunkta som er gjort gjeldande i rapporten frå HSH, RBL og OHF. Både den teknologiske utviklinga og volumaukinga i marknaden skulle truleg tilseie ein større reduksjon i provisjonane enn den som faktisk har funne stad dei siste ti åra. Men Justisdepartementet meiner at nøkkelen ligg i konkurransereglane, og ikkje i å innføre prisregulering. Under eit regime der det ikkje er høve til å nytte ikkje-diskrimineringsklausular, vil det neppe vere behov for prisregulering. Kortselskapa vil då vere klar over at høge brukarstadprovisjonar kan føre til at deira kort blir mindre attraktive, fordi brukarstadane kan velte kostnadene over på brukarane. Det er grunn til å tru at dette kan gi kortselskapa eit incitament til å redusere sine provisjonar overfor brukarstadane. I så fall vil det neppe vere behov for å gripe inn med regulering.

Postadresse
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

Kontoradresse
Akersgt. 42

Telefon - sentralbord
22 24 90 90
Org. nr.: 972 417 831


Plan- og
administrasjonsavdelinga
Telefaks
22 24 95 34


Saksbehandlar
Harald Aass
22 24 51 37

Justisdepartementet meiner elles at det såkalla "brukar betalar"-prinsippet i rapporten synest å vere tillagt noko større vekt enn det reelt er grunnlag for. Etter Justisdepartementet sitt syn er det sentrale at brukarstadane sjølv bør kunne avgjere korleis dei ønskjer å dekke inn provisjonskostnadene. Dei enkelte brukarstadane bør sjølve – ut frå sine kostnads- og konkurranseforhold – kunne avgjere om dei vil fastsetje eit gebyr for kortbruken og kor stort dette gebyret i tilfellet skal vere.

Justisdepartementet meiner at dei økonomiske konsekvensane av forslaget er noko mangelfullt utgreidde. Departementet saknar særleg ei analyse av i kva grad ei innføring av eit tak på provisjonane vil resultere i lågare prisar for kundane. Det er ikkje gitt at ein kostnadsreduksjon hos brukarstadane vil resultere i ein tilsvarende prisreduksjon.

Med helsing


Harald Aass
seniorrådgjevar


Bård Uleberg
førstekonsulent